



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	21.04.2015
<b>Tid:</b>	13:30 – 15:50

---

**Medlemer som møtte:**

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

---

**Forfall:**

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Margaret Leinebø	MEDL	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

---

**Varamedlemer som møtte:**

Idar Tarberg	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Janita Iren Westbø Remøy	Per Kristian Furø	AP

---

**Andre:**

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth  
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller  
Planleggar Berit Sandvik Skeide  
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg  
Planleggar Hallvard Rusten

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert valde:  
Camilla Storøy og Janita Westbø Remøy

Vart orientert om/drøfta:

- 75 års markering etter krigen.
- Notat av 21.04.2015 frå rådmannen om tribunestolar Havila Stadion. Formannskapet viser til K-sak 116/14 og godkjenner innkjøp/montering av stolar. Det er ein føresetnad at Bergsøy IL syter for finansiering av kostnadane utover kr. 2.750.000,- og tek på seg vedlikehaldsansvaret knytt til stolkjøpet utan kommunal medverknad.
- Epost av 09.04.15 frå Jon Arild Goksøyr om avlaupsgebyr og arealberekning. Kjell Runde reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er søskenbarn til Jon Arild Goksøyr. Kjell Runde vart samrøystes kjend habil. Formannskapet ber adminstrasjonen legge fram ei sak om evaluering av Forskrift om avlaupsgebyr for Herøy kommune.
- Arena Sunnmøre – deltaking.

---

underskrifter

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr  
ordførar

Janita Westbø Remøy

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 66/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 67/15	Protokoll frå førre møte
PS 68/15	Delegerte saker
PS 69/15	Referatsaker
PS 70/15	Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid - detaljreguleringsplan for gnr. 19, bnr. 85 mfl. i Røyra
PS 71/15	Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda - slutthandsaming
PS 72/15	Detaljreguleringsplan for Teigebogen/Teigeneset på Nerlandsøy - oppstart av planarbeid
PS 73/15	Detaljreguleringsplan helse- og omsorgssenterområdet - offentlig ettersyn
PS 74/15	Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for Lanternen marina
PS 75/15	Herøy helse- og omsorgssenter. Godkjenning av grunnavtale mellom Herøy kommune og eigarar av gnr 37 bnr 119, gnr 37 bnr 139 og gnr 38 bnr 80
PS 76/15	Bygg & System Eigedom AS - Kjøp av del av gnr. 23 bnr. 21 på Mjølstadneset
PS 77/15	Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS - Kjøp av areal til ny miljøstasjon på Mjølstadneset
PS 78/15	Rassikring i Vikane - Orientering og vegen vidare
PS 79/15	Budsjett- og økonomiplanrundskriv 2016-2019
PS 80/15	Løyve til utlysing av stilling på Herøy produksjon
PS 81/15	Leiar og møtegodtgjersle for kommunale ombod i styre, råd og utval 2015-2019.
PS 82/15	Godkjenning av låneopptak i Husbanken- startlån 2015
PS 83/15	Retningsliner for tildeling av startlån
PS 84/15	Søknad om startlån – U.off. §13

#### Delegerte saker frå avdelingane

- DS 1/15 Kjøp av gnr 45 bnr 155 i Dragsund, Herøy kommune
- DS 2/15 Frode Hammerseth og Cecilie Sundgot - Kjøp av gnr. 45 bnr. 165 i Dragsund
- DS 3/15 Endring styrar for servering- og skjenkeløyve - Christineborg
- DS 4/15 Søknad om serveringsløyve - Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
- DS 5/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement

#### Referatsaker

- RS 13/15 FV 654 Skarabakken -Søknad om forskottering
- RS 14/15 Protokoll frå styremøte i Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- RS 15/15 Utviding forsøk med samordning av statlege motsegner
- RS 16/15 Invitasjon til Arena Sunnmøre 2015
- RS 17/15 Møteplan våren 2015
- RS 18/15 Konstituering Herøy kyrkjelege fellesråd
- RS 19/15 Naustområde i Herøy kommune
- RS 20/15 Møre og Romsdal-Regional delplan klima og energi 2015-2020

## **PS 66/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

Det vert orientert om/drøfta:

- 75 års markering etter krigen.
- Notat av 21.04.2015 frå rådmannen om tribunestolar Havila Stadion.
- Epost av 09.04.15 frå Jon Arild Goksøyr om avlaupsgebyr og arealberekning.
- Arena Sunnmøre – deltaking.

## **PS 67/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 68/15 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 69/15 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 70/15 SØKNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 19, BNR. 85 MFL. I RØYRA**

### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Formannskapet godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12- 8, søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for gnr. 19, bnr. 85 mfl. i Røyra.

#### **PS 71/15 DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG FV10 MOLTUSTRANDA - SLUTTHANDSAMING**

##### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

#### **PS 72/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGEBOGEN/TEIGENESET PÅ NERLANDSØY - OPPSTART AV PLANARBEID**

##### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Hallvard Rusten møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for Teigebogen/Teigeneset på Nerlandsøy med basis i skissert planavgrensing, journalført 27.03.2015.

## **PS 73/15 DETALJREGULERINGSPLAN HELSE- OG OMSORGSSENTEROMRÅDET - OFFENTLEG ETTERSYN**

### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag «Detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet » , datert 03.03.2015, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

## **PS 74/15 OFFENTLEG ETTERSYN. DETALJREGULERINGSPLAN FOR LANTERNEN MARINA**

### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), ut til offentlig ettersyn i seks veker.

## **PS 75/15 HERØY HELSE- OG OMSORGSSENTER. GODKJENNING AV GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGARAR AV GNR 37 BNR 119, GNR 37 BNR 139 OG GNR 38 BNR 80**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

1. Herøy kommunestyre godkjenner grunnavtalar med gnr 37 bnr 119 og 139.
2. Grunnkjøpa vert finansiert med midlar avsett til grunnkjøp i budsjett for 2015.

## **PS 76/15 BYGG & SYSTEM EIGEDOM AS - KJØP AV DEL AV GNR. 23 BNR. 21 PÅ MJØLSTADNESET**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

1. Herøy kommune sel del av gnr. 23 bnr. 21 til Bygg & System AS, slik det er vist på vedlagt kartutsnitt. Kjøpesum for arealet vert sett til kr. 370 pr. m2 for areal B og kr. 300 pr.m2 for areal A. I tillegg kjem omkostningar til oppmåling og frådeling, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.
2. Sal av næringsareal blir gjennomført etter gjeldande retningslinjer
3. Inntekt ved sal av grunneigedommen skal reknskapsførast i tomtefondet.
4. Ordføraren får fullmakt til å signere kjøpekontrakt og leigekontrakt i tråd med ovannemnde vedtak.

## **PS 77/15 SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS - KJØP AV AREAL TIL NY MILJØSTASJON PÅ MJØLSTADNESET**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke med slik endring i pkt. 5: «... og leigekontrakt ...» vert stroke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

5. Herøy kommune sel del av gnr. 22 bnr. 37 og del av gnr. 22 bnr. 38 til Søre Sunnmøre Renovasjonsverk IKS, som omsøkt. Kjøpesum for arealet vert sett til kr. 370 pr. m2. I tillegg kjem omkostningar til oppmåling og frådeling, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.
6. Herøy kommune kan krevje eigedomen tilbakeført dersom tiltaket ikkje er oppstarta innan 2 år, rekna frå formannskapetets vedtak om sal.
7. Sal av næringsareal blir gjennomført etter gjeldande retningslinjer.
8. Inntekt ved sal av grunneigedommen skal reknskapsførast i tomtefondet.
9. Ordføraren får fullmakt til å signere kjøpekontrakt i tråd med ovannemnde vedtak.



## **PS 78/15 RASSIKRING I VIKANE - ORIENTERING OG VEGEN VIDARE**

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Det skal gjerast ei juridisk vurdering av kva kommunen eventuelt er forplikta til å gjere, før kommunen kan ta på seg ansvaret for sikringsarbeida.

## **PS 79/15 BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANRUNDSKRIV 2016-2019**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Budsjett- og økonomiplanrundskrivet for 2016-2019 vert teken til vitande.

## **PS 80/15 LØYVE TIL UTLYSING AV STILLING PÅ HERØY PRODUKSJON**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Formannskapet gir løyve til å utlyse ledig 50 % stilling ved Herøy Produksjon.

Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringar saka medfører.

## **PS 81/15 LEIAR OG MØTEGODTGJERSLE FOR KOMMUNALE OMBOD I STYRE, RÅD OG UTVAL 2015-2019.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015**

Det vert oppnemnd slik arbeidsgruppe for å kome med framlegg til Leiar og møtegodtgjersle for kommunale ombod i styre, råd og utval 2015-2019:

Ann Katrin (Tine) Storøy  
Karly Ingunn Teige  
Olaug Andreassen  
Camilla Storøy  
Bjarne Kvalsvik  
Henry Jøsokbakke

Arbeidsgruppa konsituerer seg sjølv.

## **PS 82/15 GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I HUSBANKEN- STARTLÅN 2015**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr 12 mill, til vidare utlån til startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.

## **PS 83/15 RETNINGSLINER FOR TILDELING AV STARTLÅN**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

1. Kommunestyre godkjenner retningslinjer for tildeling av startlån.
2. Retningslinjer gjeld frå og med 01.05.2015 for alle nye søknadar om startlån og for søknader som ikkje er endeleg handsama pr. dette tidspunkt.

## **PS 84/15 SØKNAD OM STARTLÅN**

## **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

**DS 1/15 Kjøp av gnr 45 bnr 155 i Dragsund, Herøy kommune 24.03.2015 00:00:00**

**DS 2/15 Frode Hammerseth og Cecilie Sundgot - Kjøp av gnr. 45 bnr. 165 i Dragsund 10.03.2015 00:00:00**

**DS 3/15 Endring styrar for servering- og skjenkeløyve - Christineborg 27.03.2015 00:00:00**

**DS 4/15 Søknad om serveringsløyve - Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 12.03.2015 00:00:00**

**DS 5/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement 30.03.2015 00:00:00**

## **REFERATSAKER**

**RS 13/15 FV 654 Skarabakken -Søknad om forskottering FV 654 Skarabakken - Søknad om forskottering 25.03.2015 00:00:00**

**RS 14/15 Protokoll frå styremøte i Søre Sunnmøre Landbrukskontor Protokoll frå styremøte i Søre Sunnmøre Landbrukskontor 12.03.2015 00:00:00**

**RS 15/15 Utviding forsøk med samordning av statlege motsegner Utviding forsøk med samordning av statlege motsegner 27.02.2015 00:00:00**

**RS 16/15 Invitasjon til Arena Sunnmøre 2015 Invitasjon til Arena Sunnmøre 2015 22.03.2015 00:00:00**

**RS 17/15 Møteplan våren 2015 Møteplan våren 2015 27.03.2015 00:00:00**

**RS 18/15 Konstituering Herøy kyrkjelege fellesråd Konstituering Herøy kyrkjelege fellesråd 27.03.2015 00:00:00**

**RS 19/15 Naustområde i Herøy kommune Naustområde i Herøy kommune 23.03.2015 00:00:00**

**RS 20/15 Møre og Romsdal-Regional delplan klima og energi 2015-2020 Møre og Romsdal-Regional delplan klima og energi 2015-2020 10.02.2015 00:00:00**